



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon  
Torgeir Flo, 55 57 21 46

Vår dato  
06.04.2017  
Dykkar dato  
27.02.2017

Vår referanse  
2015/5612 421.2  
Dykkar referanse

Hordaland fylkeskommune  
Postboks 7900  
5020 Bergen

### Høyring - Regional transportplan Hordaland - RTP 2018 - 2029

Vi viser til brev 27.02.2015 med vedlegg fra Hordaland fylkeskommune med melding om høyring av framlegg til Regional transportplan Hordaland for perioden 2018 – 2029.

Fylkesmannen finn det positivt at fylkeskommunen har utarbeidd framlegg til ny transportplan for Hordaland. Det går fram av planframlegget at planen er ein langsigktig strategiplan for utviklinga av transportsektoren i Hordaland og legg grunnlaget for fylkeskommunen sine prioriteringar i handlingsprogram og budsjettvedtak.

#### Våre merknader

Vi har ingen merknader til framlegg til overordna mål for transportplanen:

*«Hordaland skal ha eit sikkert transportsystem som ivaretok mobilitetsbehov og bidreg til omstilling til lågutsleppssamfunnet.»*

Fylkesmannen har også merka seg at når det gjelde mål for transport i Bergensområdet inngår 0-vekst målet.

Når det gjeld prinsipp for porteføljestyring, har vi særleg merka oss at samfunnsøkonomisk lønnsemid inngår. I framlegg til plan går det klårt fram at tilstanden på mest heile samferdsle-infrastrukturen er relativt dårlig. Etterslepa på vedlikehald og naudsynt opprusting er særhøge (7,3 mrd. kr). Fylkesmannen er difor samd med at det i ein slik situasjon bør prioritera midlar til vedlikehald og opprusting, før nye større vegprosjekt. I kap. 5 er mellom anna rassikring omtala. Det går fram at Hordaland har særhøge rassutsette strekningar. Vi meiner at rassikring også bør prioriterast framfor investering i nye større vegprosjekt.

I det sentrale Bergensområdet bør det gjevast prioritet til tiltak for gang- og sykkel og for betring av kollektivtransporten si konkurransekraft vis a vis privatbil.

Når det gjeld framlegg til strategiar for transportsystemet i Bergensområdet, finn vi det positivt at samordna areal- og transportplanlegging er gitt ein sentral plass. Fylkesmannen har særleg merka seg ordlyden:

*«Arealutvikling må skje i tilknyting til stamlinene i kollektiv-systemet.»* (jf. kap.2.2 side 13).

I kap. 3 om utviklingstrekk og utfordringar har vi særleg merka oss at det er ei viss endring i reisevanane i Bergensområdet frå 2008 til 2013, med auke i kollektivtransport medan bil-transport har gått noko ned. Vi har også merka oss at sykkelandelen er uendra og framleis særslig i nasjonal samanheng.

Med omsyn til arealutvikling, er trenden framleis slik at veksten i kommunane i Bergensområdet hovudsakeleg skjer utanfor senterområda. Sjølv i Bergen skjer det meir vekst utanfor sentra enn i senterområda (jf. kap. 3.2.1.1). Det er ei utvikling som ikkje er i samsvar med statleg planretningsline for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging. Fylkesmannen vil difor ha eit særleg fokus på det i tida framover.

Når det gjeld kollektivtransport utanom Bergensområdet, har vi ingen merknader til framlegg til tiltak.

I kap. om transport i Bergensområdet er det framlegg til tiltak om handlingsplan for innfartsparkering. Det går fram av omtalen av innfartsparkering at målsetnaden med tiltaket er å bidra til å redusere rushtidstoppane på innfartsårene. Vi meiner det er eit særslig kostnadseffektivt tiltak. I Bergen er det no iverksett tidsdifferensierte bompengetakstar for å få ned rushtidstoppane. Det er eit tiltak som det og går fram av planen har hatt god effekt.

Vi merkar oss at det skal utarbeidast trafikkplan for båttilbodet i Bergensområdet. Båtsamband som kan gje kollektivtransporten konkurransefordel i forhold til bil bør prioriterast og søkast oppgraderast og eventuelt utvidast. Til dømes vil båtsambandet Askøy – Vågen og snøggbåtruta til Nordhordland kunne avlaste overordna vegnett.

Elles vil vi som vi har uttalt oss til Regional areal og transportplan gje positiv melding til korleis ein har søkt å operasjonalisera 0-vekstmålet (jf. kap. 7.4.2).

Med helsing

Rune Fjeld  
Assisterande fylkesmann

Egil Hauge  
seksjonsleiar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*